



Statens vegvesen

Møteinnkalling

Til: Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Anders Riise, Kjetil Strand, Ove Nesje, Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Bjørn Sunde, Øyvind Gangstad, Nils Inge Romarheim, Ole Kristian Birkeland, Olav Megrund, Marius Maske.
Kopi: Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter, Arild Fuglseth.
Fra: Sekretariatet for Bypakke Ålesund.

Saksbehandlar: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 28.02.2023

Møte i styringsgruppe for Bypakke Ålesund – Møte 2/2023

Møtestad:	Teams
Møtedato:	03.03.2023
Møtetid:	1000 – 1200
Møteleiar:	Tore Johan Øvstebø

Saksliste

Punkt	Sak	Innleder / Ansvar	Tid
1	Innleiing ved leiar for styringsgruppa	Tore Johan Øvstebø	1000 – 1005
2	Prosjektet E136 Ny Brosundbro, Waterfront/Keiser Wilhelmsgate - Vedtak i kommunestyret om bredde på bro avviker frå reguleringsplan og innstilling frå styringsgruppa. - Styringsgruppa må innstille på framdrift for prosjektet og eventuelle konsekvensar.	Nils Inge Romarheim	1005 – 1035
3	Oppstartsvedtak for Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua	Torbjørn Vatnehol	1035 – 1045
4	Oppstartsvedtak Skuleveg TS-tiltak Skarbøvikgata – Hessaskaret	Torbjørn Vatnehol	1045 – 1055
5	Oppstartsvedtak Sjukehuset + ny styringsramme	Ole Kristian Birkeland	1055 – 1105
6	Årsrapport for 2022	Nils Inge Romarheim	1105 – 1115
7	Handlingsprogram 2023–2026 og budsjett for 2023	Nils Inge Romarheim	1115 – 1140
8	Status kommunikasjon	Øyvind Gangstad	1140 – 1150
9	Blindheim – Flisnes – orientering	Torbjørn Vatnehol	1150 – 1200
10	Eventuelt	Nils Inge Romarheim	1200

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Ordførar Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø (leiar) og Øystein Tvedt.
Vara: Vebjørn Krogsæter.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Kristin Sørheim og Anders Riise. Vara: Carl Johansen.

Statens vegvesen: Leiar Transport midt, Kjetil Strand, og leiar Utbygging midt, Ove Nesje.

Sekretariatet for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Jøran Mentzoni Eilertsen.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Torbjørn Vatnehol (Bjørn Sunde).

Statens vegvesen: Nils Inge Romarheim (leiar).

Kommunikasjon: Øyvind Gangstad (Christine Rørvik).

Sak 3 – Oppstartsvedtak Sykkelfelt Tonningsgate - Steinvågbrua

Bakgrunn.

Viser til vedtekte handlingsprogram for 2022-2025 og sekretariatets forslag til handlingsprogram for 2023-2026.

I perioden er det planlagt å bygge sykkelløysing i Tonningsgate, mellom Steinvågbrua og krysset til Tuenesvegen. I handlingsprogrammet ligg prosjektet under sekkepost «7 Gang, sykkel, trafikktryggleik og kollektiv» har prosjektet-ID 704. MRFK rapporterte i førre handlingsprogram og i vidare rapportering, at det vil bli nødvendig å auke kostnadsramma på prosjektet betydeleg for å få utført tiltaket.

Reguleringsplanen for prosjektet vart vedteken i 2016, men fylkeskommunen og kommunen har i ettertid sett nærare på kva sykkelløysing som er best for området. Det var opphavleg regulert tovegs sykkelveg med fortau på nordsida av vegen. Etter ei ny vurdering kom ein fram til at løysinga kan føre til uheldige systemskifte for syklistane i endane av prosjektet. Ein har derfor gjort ei reguleringsendring, der løysinga er sykkelfelt i vegbana, på begge sider av vegen. Dette er same løysing som er regulert vidare mot Hessa.

Løysinga med sykkelfelt i vegbana fører til at anleggsarbeida blir meir omfattande enn den regulerte løysinga. Ein må i praksis grave opp heile vegbana for å få utført tiltaket, i staden for å hovudsakleg jobbe på nordsida av vegen. Ein får til gjengjeld ei betre løysing for sykkel og oppgraderte fortau på begge sider av vegen.

Slik som for fleire av dei mindre sekkepost-tiltaka er ikkje avsette midlar til prosjektet basert på eit anslag. No er i tillegg løysing endra og kostnadsutviklinga siste året har i tillegg ført til betydeleg økte anleggskostnader.

Fylkeskommunen har utført kostnadsanslag for prosjektet. Det viser ein totalkostnad på 37,1 mill kroner.

- Totalt behov på prosjekt 704 «Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua	37,1 mill
- Tilskot frå privat utbyggjar i samband med rekkefølgekrav i reguleringsplanen	2,0 mill
- Totalt behov prosjekt, med fråtrekk for tilskot	35,1 mill
- <u>Tilgjengelege midlar inkludert påløpte i 2022</u>	<u>16,64 mill</u>
- Behov ut over noverande kostnadsramme	18,46 mill

Sekretariatet foreslår at ein søker om tilskot gjennom tilskotsordninga for mindre byområde for dei resterande 18,5 mill kronene. Viss ein ikkje får tilskot gjennom denne ordninga, foreslår sekretariatet at inndekning skjer gjennom dei udisponerte midlane på potten for «Gang- sykkelveg, trafikktryggleik og kollektiv». Avsett reserve vil då reduserast tilsvarande.

Mogleg forlenging av sykkelfelt

I anbudet til sykkelfelt Tonningsgate - Steinvågbrua, vil MRFK leggje inn arbeid med ny vassleidning for kommunen. Dette arbeidet blir betalt direkte av kommunen og belastar ikkje Bypakke-prosjektet. Kommunen har behov for å leggje vassleidning lenger enn utstrekninga for sykkelprosjektet, som vist i vedlegg. For å etablere vassleidninga må dei grave opp gangveg og delar av vegbana. Planen er i utgangspunktet å reetablere gangvegen slik den er i dag, men det er mogleg å heller etablere sykkelfelt og fortausløyising på strekket. Lengde sykkelfelt innanfor dagens prosjektavgrensing er om lag 400 meter. Med ei eventuell forlenging blir det 650 meter samanhengande sykkelfelt (to-sidig) på strekninga. Kommunen jobbar med ein reguleringsplan på deler av området som foreløpig ikkje er vedteken.

Forlenginga er kostnadsberekna til 11 mill kr, og Fylkeskommunen planlegg å leggje inn forlenginga av sykkelfeltet som ein opsjon i anbudet. Så kan ein etter anbodsopning vedta om det skal byggjast eller ikkje. Vassleidninga på strekket blir oppgradert på heile strekninga uavhengig av dette.

Sekretariatet legg i denne saka fram prosjektbestilling og kostnadsoverslag for prosjektet, slik at styringsgruppa kan ta stilling til oppstart. Anbudet er planlagt lyst ut i april i år.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek at prosjekt-ID 704 «Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua» kan starte opp i 2023. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune, og styringsramma for prosjektet er 37,1 mill. 2023-kr.

Forlenging av sykkelfelt og fortau blir lagt inn som ein opsjon i anbudet. Ein tek stilling til om dette arbeidet skal utførast etter anbodsopning.

Vedlegg:

Oversiktskart, prosjektbestilling og kostnadsoverslag.


Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesvegavdelinga
Vegprosjekt
Maldato: Juli 2021

Fv. 6208 Sykkelveg Tonningsgt. - Steinvågbrua

Prosjektbestilling



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Figur 1: Kartutsnitt

Prosjekt:	Fv. 6208 Sykkelveg Tønningssgt. - Steinvågbrua
Kommune:	Ålesund
Parsell:	Fv. 6208 Steinvågbrua - Skarbøvika
Planstatus:	☒ Reguleringsplan ☐ Kommuneplan ☐ Ingen
Plannamn:	Steinvågneset GNR 122 BNR 21 M/FL
Plandato:	27.10.2016
Prosjektleder:	Torbjørn Vatnehol
Prosjektnummer:	VI0743
Ansvar:	72014 Bypakke Ålesund
Ramme:	9613
ePhorte nr.:	2022/4639
Dato:	17.02.2022

Godkjenningsmatrise

Godkjent av	Namn	Godkjent dato
Prosjekteigar	Ole Jan Tønnesen	
Prosjektleder	Torbjørn Vatnehol	21.02.23

Endringsmatrise

Revisjons-Nr.	Endring	Godkjent av prosjektansvarleg/prosjekteigar/dato		Godkjent av prosjektleder/dato	
0	Foreløpig	Marianne Nærø	9.3.22	Torbjørn Vatnehol	9.3.22
1	Endelig versjon: Oppdatert etter anslag, reg.endring og omtale av tiltak.	Ole Jan Tønnesen	21.2.23	Torbjørn Vatnehol	21.2.23

Innhold

1.	Bakgrunn og omtale.....	4
1.1.	Omtale av tiltak.....	4
1.2.	Bakgrunn	4
2.	Mål	5
2.1.	Samfunns mål.....	5
2.2.	Prosjekt mål/ Effektmål	5
2.3.	Resultat mål	5
2.3.1	HMS.....	5
2.3.2	Økonomi	5
2.3.3	Framdrift	5
2.3.4	Kvalitet	5
3.	Rammevilkår og grensesnitt.....	5
3.1.	Rammevilkår	6
3.2.	Grensesnitt.....	6
4.	Organisering og ansvar	6
4.1.	Roller og ansvar.....	6
4.2.	Usikkerheit i prosjektet.....	6
4.3.	Rapportering	6
4.4.	Kommunikasjon.....	6

1. Bakgrunn og omtale

1.1. Omtale av tiltak

Dette er ei prosjektbestilling for gjennomføringsfase for bygging av sykkelveg langs fv. 6208 Tonningsgate om lag frå kryss med Brogata til kryss med Tuenesvegen i Ålesund kommune.

Det skal byggast sykkelfelt i vegbana og fortau på begge sider av fylkesvegen, og byggast busslomme i vestleg retning. I tillegg skal vatn- og avlaupsnettet til kommunen skiftast ut i gata.



Figur 2: Biletet viser deler av Tonningsgate der det skal etablerast fortau og sykkelfelt.

1.2. Bakgrunn

Prosjektet er ein del av Bypakke Ålesund.

Prosjektet ligg inne i vedtatt i Utbyggingsplan for Bypakke Ålesund (august 2021) og er omtalt som «Sykkelveg Skarbøvika, fra Tonningsgt. - Steinvågbrua (Sykkeltiltak 4)».

Prosjektet ligg også inne i vedtatt Handlingsprogram for Bypakke Ålesund 2022 – 2025.

Det er gjennomført anslag for prosjektet i februar 2023 som viser ei kostnadsramme på 37,1 mill. kroner. Det er totalt satt av 16,46 mill. kroner til prosjektet i Handlingsprogrammet for Bypakke Ålesund 2022 – 2025. Det blir jobba med fullfinansiering av prosjektet i sekretariatet til Bypakken som vil legge fram sak for styringsgruppa.

Det er i satt av 3,0 mill. kroner i potten «planlegging og prosjektering» i Bypakke Ålesund til prosjektering av prosjektet.

Tiltaka i Bypakke Ålesund er omtalt i MRFK sin vedtatt økonomiplan for perioden 2022 – 2025 med totalt 670 mill. kroner i perioden, der store delar av totalkostnaden skal finansierast av bompengar.

Planstatus

Tiltaket ligg innanfor reguleringsplan «Steinvågneset GNR 122 BNR 21 M/FL» vedtatt i 2016. Tiltaket er regulert som tosidig sykkelveg med fortau på nordsida av vegen. Etter avklaringar med Ålesund kommune er det no bestemt å bygge fortau og sykkelfelt på begge sider av vegen i staden for. Dette for å unngå trafikkfarlege systemskifte (kryssing av vegen), samt at det ligg til rette for sykkelfelt på store delar av strekninga frå sentrum til Hessa.

Ålesund kommune har vedtatt reguleringsendring med omsyn til endra gang- og sykkelvegssystem.

2. Mål

2.1. Samfunnsmål

Prosjektet skal:

- vere med på å auke andelen gåande og syklande på strekninga mellom Hessa og sentrum.
- vere første del av ein framtidig samanhengande sykkelveg mellom Hessa og sentrum.

2.2. Prosjektmål/ Effektmål

Etablering av fortau og sykkelfelt i Tonningsgate skal auke tryggleiken og framkome til dei som går og sykklar på strekninga.

2.3. Resultatmål

2.3.1 HMS

Møre og Romsdal fylkeskommune har som arbeidsgjevar og byggherre det mål at all verksemd i etaten skal gjennomførast utan at mennesker, materiell og miljø vert påført skade.

Det er sett følgande måltal for HMS:

H1-verdi = 0

F-verdi = 0

H2-verdi < 50

N-verdi > 1500

2.3.2 Økonomi

Kostnadsramme for prosjektet er 37,1 mill. kroner og er prosjektleiars styringsramme.

2.3.3 Framdrift

Det er forventet anleggsstart vår 2023 med ferdigstilling i løpet av 2024.

2.3.4 Kvalitet

Prosjektet skal prosjekterast og byggast i samsvar med Statens vegvesen sine vegnormalar.

3. Rammevilkår og grensesnitt

3.1. Rammevilkår

Det skal gjennomførast anslag på prosjektet for å fastsette kostnadsramme.

Tonningsgate og vidare Brogata og Steinvågbrua er einaste veg mellom sentrum og bydelane Steinvågen og Hessa. Det er derfor forventa at delar av vegen skal vere open for trafikk gjennom heile anleggsperioden, kun med korte stengingsperioder om nødvendig.

3.2. Grensesnitt

Prosjektet skal også skifte vatn- og avlaupsnett til kommunen. Kommunen skal prosjektere dette sjølv, og det er forventa god dialog mellom prosjekterande for VA og veg.

Ein privat utbygger skal i gang med oppføring av eit nytt bustadområde nord for Tonningsgate. Det er i reguleringsplan sett rekkefølgekrav om at delar av fortau og sykkelveg skal vere ferdig før utbygger får bruksrett til bustadane. Det er forventa at utbygger dekker deler av kostnadane i prosjektet. Byggherreorganisasjonen må gå i dialog med utbygger og få på plass ein avtale om delfinansiering.

4. Organisering og ansvar

4.1. Roller og ansvar

Prosjektet er organisert i Vegprosjektseksjonen i Fylkesvegavdelinga og er ein del av prosjektporteføljen til Prosjektsjef.

Prosjektet skal organiserast under Bypakke Ålesund.

Prosjekteigar: Ole Jan Tønnesen

Prosjektleder: Torbjørn Vatnehol

4.2. Usikkerheit i prosjektet

I samband med rapportering til prosjektsjef skal det leggjast fram statusrapport der usikkerheitsvurderingar er ein del av denne.

4.3. Rapportering

Prosjektleder rapporterer til prosjektansvarleg/ prosjektsjef i samsvar med fastsatte rapporteringsrutiner.

Ved avvik frå resultatmål skal det rapporterast til prosjektansvarleg direkte utanom fastsatte rapporteringstidspunkt.

Prosjektleder rapporterer i tillegg direkte til styringsgruppa i Bypakke Ålesund.

4.4. Kommunikasjon

Det føreligg ein overordna kommunikasjonsstrategi for bypakke Ålesund. I tillegg skal det utarbeidast ein kommunikasjonsplan for prosjektet.

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00
E-post: post@mrfylke.no
Web: mrfylke.no

Sak 4 – Oppstartsvedtak Skuleveg TS-tiltak Skarbøvikgata - Hessaskaret

Bakgrunn.

Viser til vedteke handlingsprogram for 2022-2025 og sekretariatets forslag til handlingsprogram for 2023-2026.

I perioden er det planlagt å bygge trafikksikringstiltak på Fv 6208 i Skarbøvika (Skarbøvikgata, Kaptein Linges veg og Hessaskaret). I handlingsprogrammet ligg prosjektet under sekkepost «7 Gang, sykkel, trafikktryggleik og kollektiv» har prosjektet-ID 766.

Tiltaka er basert på anbefalingar frå ein trafikktryggingsrapport som er laga for skulevegen. Fleire av anbefalingane i rapporten er allereie utført, så i all hovudsak er det arbeid i Kaptein Linges veg som skal utførast no. Det er fleire mindre, men viktige tiltak som skal utførast, som betre belysning av overgangar, betre skilting og forlenging av fortau.

Fylkeskommunen har utført kostnadsanslag for prosjektet, som viser ein totalkostnad på 2,25 mill kroner.

Sekretariatet legg i denne saka fram prosjektbestilling og kostnadsoverslag for prosjektet, slik at styringsgruppa kan ta stilling til oppstart. Anbudet er planlagt lyst ut i same kontrakt som Fv. 6208 Sykkelfelt Tonningsgate, og skal være ferdig innan våren 2024.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek at prosjekt-ID 766 «Skuleveg TS-tiltak Skarbøvikgata - Hessaskaret» kan starte opp i 2023. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune, og styringsramma for prosjektet er 2,25 mill. 2023-kr.

Vedlegg:

Prosjektbestilling og kostnadsoverslag.

Forenklet prosjektbestilling for prosjekter med kostnadsoverslag lavere enn 5 mill. kroner.

Bypakke Ålesund

TS-tiltak 6: Skuleveg Skarbøvikgt. - Hessaskaret

1. Hva bestilles

Gjennomføring av trafiksikkerhetstiltak for å bedre forholdene for skolebarn på fv. 6208 fra Hessa barneskole til Tonningsgate.

Det foreligger en rapport etter trafiksikkerhetsinspeksjon fra mars 2015 som danner grunnlaget for tiltakene som skal gjennomføres. Etter at rapporten er skrevet, er flere av tiltakene gjennomført og det har skjedd endringer i plansituasjonen blant annet i Skarbøvikgata. Det er derfor laget en revidert rapport som sier hva som er gjennomført og hvilke tiltak prosjektet bør/kan prioritere å få gjennomført. I hovedsak er det tiltakene i Kaptein Linges veg som gjenstår og skal utføre nå. Tiltakene går i hovedsak på å sikre overganger, bedre lysforhold og forlenge fortau.

2. Mål

2.1 Effektmål

Gjennomføre tiltak for å bedre trafiksikkerheten for gående og syklende på strekningen.

2.2 Resultatmål

HMS

Møre og Romsdal fylkeskommune har som arbeidsgiver og byggherre det mål at all virksomhet i Fylkesvegavdelinga skal gjennomføres uten at mennesker, materiell og miljø blir påført skade.

H1-verdi = 0

Økonomi

Prosjektleders styringsramme settes til 2,25 mill. kr.

Framdrift

Oppstart og ferdigstillelse i løpet av 2023.

3. Organisering og ansvar

Tiltaket skal gjennomføres av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Prosjekteier er fylkesvegsjef i Møre og Romsdal fylkeskommune, Ole Jan Tønnesen. Den praktiske oppfølgingen av prosjekteierskapet (prosjektansvarlig) gjøres av Prosjektsjef i Vegprosjektseksjonen. Prosjektleder for tiltaket er prosjektleder for Bypakke Ålesund i Møre og Romsdal fylkeskommune, Torbjørn Vatnehol.

Prosjektleder har ansvaret for at tiltaket gjennomføres i samsvar med denne bestilling, innenfor prosjektleders styringsramme og i henhold til interne og eksterne lover, forskrifter og retningslinjer. Prosjektleder rapporterer til prosjektansvarlig.

Prosjektleder skal rapportere i samsvar med de rapporteringsrutiner som gjelder for Møre og Romsdal fylkeskommune og Bypakke Ålesund.

Prosjektleder rapporterer også til styringsgruppen for Bypakke Ålesund.

Viktige hendelser og betydelige avvik skal rapporteres umiddelbart uavhengig av rapporteringsrutinene.

Sak 5 – Søknad om ny styringsramme og oppstartsvedtak for nytt kollektivpunkt Ved Ålesund sykehus

1.1 Bakgrunn.

Styringsgruppa vedtok i møte 28.01.22 en styringsramme for prosjektet på 70 mill. kr (2021).

Forutsetningen var da at universell utforming med heiser og trapper skulle bygges av oss, og HMR skulle støtte dette med 3 mill. kr. Kostnadsoverslaget for dette omfanget med 18 mill.kr for heis og trapp er på 70 mill. kr (2021 kr). For å komme ned på 70 mill. kr var spesielt to punkt forenklet i forhold til reguleringsplanen. Vegen ned fra lyskrysset bygges ikke om og i Borgundvn avslutter vi prosjektet rett vest for dagens bussutkjøring. Det bygges heller ikke fortau på nordsiden fra lyskrysset og vestover.

I fjor vår ble det klart at HMR ville bygge et parkeringshus opp mot busstoppene slik det er mulighet for i reguleringsplanen. Den beste løsningen for adkomsten til sykehuset blir da å bygge heiser og trapper i parkeringshuset. Avtalen med HMR ble derfor snudd slik at de bygger og vi gir tilskudd til dem for universell adkomst.

Styringsramme for prosjektet er etter indeksregulering økt fra 70 mill. kr (2021) til 80 mill. kr (2022).

1.2 Kostnadsoverslag og ny styringsramme

Prosjektering er nå nesten ferdig, og det er tilpasset fremtidig parkeringshus. Vi har gjennomført endringer for busstoppet i vestgående retning, det er flyttet til nordsiden av Borgundvegen, slik vi orienterte om i forrige styringsgruppemøte. Det vil gi kollektivtrafikken enda litt raskere fremføring her, FRAM er positive til dette. Sykkelløsningen er også endret fra sykkelveg med fortau på Sørsiden av Borgundvn til sykkelfelt på begge sider av vegen. Østover fra lyskrysset planlegges det fortau på nordsiden av Borgundvn.

Anslag

Det er nå gjennomført anslag, hvor prisstigning de siste årene er lagt inn. Kostnadsanslaget ble på 90,5 mill. kr (2022). Av det er 6 mill. kr satt av til reservepost for usikkerhet. Dette er 10 mill. kr mer enn styringsrammen på 80 mill. kr.

Det meste av økningen er forklart i høy prisvekst siste to år, men det er også andre faktorer som har bidratt til økningen. De viktige bidragsyterne til økte kostnader er oppsummert under.

- Kostnad for universelt utformet veg fra busstoppet/kollektivpunktet til sykehuset har vært undervurdert i reguleringsplanfasen. Økning i anslaget fra 2021 er på ca. 4,5 MNOK.
- Kostnader med grunnerverv og stenging av avkjørsler til Borgundvegen 755-757 var undervurdert. Grunnerverv er gjennomført, arbeidet med alternativ adkomst til boligene pågår. Her er det en økning på 4 mill. kr. Stenging av avkjørsler er et rekkefølgekrav i reguleringsplanen.

- Kostnad for grøntanlegg og vegutstyr har vært undervurdert. Nytt anslag tar høyde for en kostnad på 2,6 MNOK. Herav er ca. 1 MNOK i nye kostnader som følge av at prosjektet er endret, og det legges nå opp til at man kan gå tørrskodd til det sørlige busstoppet. Endring fra 2021->2023 = 2,0 MNOK.
- Det skal legges mye asfalt på anlegget, og asfalt har hatt større prisvekst enn den generelle prisveksten. Det er nå tatt høyde for neste varsle prisvekst på asfalt. Her er anslaget økt med ca. 2,4 MNOK fra 2021.

1.3 Oppsummering

Prosjektet er redusert i omfang. Dette har likevel ikke vært nok til å holde kostnader innenfor godkjent styringsramme.

Ytterligere kutt kan være :

Redusert utstrekning gatevarme	0,2 MNOK*
Redusert grøntanlegg	0,8 MNOK**
Betongkantstein på strekninger	0,6 MNOK ***

*Lager smalere plattformarealer, mindre oppvarmet areal

**Halverer antall trær og annen beplantning

***Bruker granitt kun i kryssområder og trafikkøyer

Sekretariatet legger i denne saken fram kostnadsoverslag for prosjektet, slik at styringsgruppa kan ta stilling til oppstart. Vi gjør oppmerksom på at prosjektbestillingen må revideres da utviklingen i forhold til sjukehuset og nytt kostnadsoverslag ikke er innarbeidet.

Foreslår at inndekning kan være ved å redusere ramma for E136 Lerstادتoppen-Campus.

1.4 Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtar ny styringsramme for prosjekt 3 nytt kollektivpunkt ved Ålesund Sykehus, og gir klarsignal for oppstart i 2023.

Prosjekteier og byggherre er Statens vegvesen, og styringsrammen for prosjektet er på 90,5 mill. 2022-kroner.

Sak 6 – Årsrapport 2022

Bakgrunn.

Sekretariatet legg i denne saka fram årsrapport for 2022.

Vedlagt årsrapportdokument og rekneskapsdokument presenterer saka.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek årsrapport for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Årsrapport for 2022.

Styringsgruppa vedtek rekneskapen for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Rekneskap for 2022.

Bypakke Ålesund



Bilde: Torgeir Emblem

Slinningen på Hessa.

Årsrapport for 2022

Innhald

Innleiing	3
Økonomi	3
Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2022.....	8
Statens vegvesen.....	8
Møre og Romsdal fylkeskommune.....	8
Ålesund kommune	8

Innleiing

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdals fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund med mål om å få fleire til å sykle, gå og reise med kollektiv.

I juni 2021 vart bypakka vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,0 mrd. 2021-kroner. Finansieringa av pakka er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakka. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år. Bompengenneinnkrevinga hadde oppstart i august i 2022. Aktiviteten i 2022 er finansiert av statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar.

Å gje innbyggjarane forståeleg og oversiktleg informasjon, både i forkant og undervegs i bompengenneinnkrevinga, har hatt høg prioritet i kommunikasjonen i 2022. Her sendte vi ut ei informasjonsbrosjyre, vi deltok i ei livesending i samarbeid med Sunnmørsposten som gav informasjon på direkte, og svarte ut nesten 100 spørsmål i etterkant sendt inn frå innbyggjarane. Vi har også hatt hyppig dialog med innbyggjarane via e-post inn frå nettsida og svart ut spørsmål. Samt starta arbeid med vidareutvikling av profil og merkevare i samarbeid med ekstern leverandør. Rundt 96 % av innbyggjarane har ordna ei AutoPass-avtale, som viser at kommunikasjonsarbeidet har fungert godt. Vi har også fått til ei rekke medieoppslag. Kartet over ulike prosjekt vart starta i 2022 og i august vart Instagram oppretta som ny kanal.

Økonomi

I januar vedtok styringsgruppa eit budsjettdokument for 2022 med eit budsjett for bypakka på 280,1 mill. kroner. Samstundes vart prognosen for året i budsjettdokumentet sett opp med 163,3 mill. kroner, altså betydeleg lågare enn budsjettet. Årsaka til det var at tildelte midlar for nokre prosjekt på riksveg var høgare enn planlagt framdrift og produksjon for året. Spesielt gjaldt dette E136 Breivika-Lerstad.

I rapporten for 1. tertial vart budsjettet korrigert med overførte midlar frå førre år, samstundes som Vegamot sin del under prosjekt *10 Bomstasjonar* vart tatt ut av budsjettet. Dette for å gjere oppfølginga enklare. Same oppsett vart brukt i rapportering for 2. tertial, og no ved årsrapporteringa, slik at samla budsjett for 2022 er 235,4 mill. kroner.

Ser ein på rekneskapen for Bypakke Ålesund under eitt, så er forbruket i 2022 på 142,8 mill. kroner, noko som er om lag 93 mill. kroner lågare enn budsjettet for året og om lag 20 mill. kroner lågare enn årsprognosen i vedtatt budsjett. Reduksjonen i forbruk sett opp mot årsprognosen, er ein følge av endringar på fleire prosjekt. Han kan splittast opp som forklart under.

- E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus har redusert forbruket med om lag 8 mill. kroner, og hamnar omtrent på budsjettet. Dette skuldast at ein har vore i ein prosess med Helseføretaket i forhold til eit parkeringshus ved sjukehuset. Dette påverkar grensesnittet mellom vårt og deira prosjekt. Redusert behov for midlar i 2022 gav redusert bruk av statsmidlar på prosjektet i 2022. Ein avtale med helseføretaket er under utarbeiding. Tidspunkt for anleggsstart og opning er noko forskyvd som følge av diskusjonane kring grensesnitt.
- E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gate har redusert forbruk med 5 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Dette skuldast at ein har jobba med å bli samd i løysing/prosjektkonsept. Anleggstart og opning har blitt forskyvd.
- På sekkeposten er forbruket redusert med 18,4 mill. kroner. Store deler av dette er ei direkte følge av at ein har fått eit tilskot i 2022 på 15 mill. kroner til prosjektet Busstopp på Moa frå tilskotsordninga for mindre byområde. Det vert dermed i stor grad finansiert utanfor ramma for bypakka i år, men det vil stå att om lag 5 mill. kroner i 2023 som vert finansiert av bypakka.
- E136 Breivika-Lerstad har ein auke i forbruk på 10 mill. kroner. Dette har ingen verknad for sluttprognosen for prosjektet, og prosjektet har statsmidlar i budsjettet for 2022 som vert nytta.
- Fv. 60 Blindheim-Flisnes har ein auke i forbruk på 5 mill. kroner. Auken har ingen følgjer for sluttprognosen og skuldast at ekstern konsulent har betra kapasitet på prosjektering og at noko prosjektering derfor er framskunda. Auken vart finansiert i 2022 ved å trekke opp om lag 2 mill. ekstra i bompengar, medan det resterande vart finansiert med kommunale og fylkeskommunale midlar.
- Bomstasjonar har ein auke i årsprognosen på 4 mill. kroner, som skuldast prisstigning og meir omfattande arbeid med stenging av gangveggar og moglegheiter for å snike. Prosjektet vart finansiert av bompengar.
- Mindre endringar på andre prosjekt.

Ramma for bypakka er no på 4.777 mill. 2022-kroner. Det er inga endring i samla rapportert sluttprognose for prosjekta som inngår i bypakka. Det er likevel meldt om at det er behov for auka styringsramme for E136 Kollektivknutepunkt Ved Ålesund sjukehus og Sykkelveg Tonningsgate – Steinvågbrua. Ei eventuelle auke av styringsramma for desse to prosjekta, vert fastsett av styringsgruppa, og må finansierast innanfor totalramma for bypakka. Dette skjer ved at andre prosjekt eller reserven vert redusert tilsvarande.

Tabell 1 – Samla rekneskap for Bypakke Ålesund for 2022 (mill. kroner)

Rekneskap for 2022

2022-kroner

Rekneskap for 2022			2022-kroner		1	2	3	4	5		
			Ramme	Prognose	Framdrift		Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap				
			Gjeldande styrings-ramme	Rapportert slutt-prognose	Byggestart (Prognose/ faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/ faktisk)	Til disposisjon	Budsjett	Årsprognose (i vedtatt budsjett)	Rekneskap	Avvik Til disp 4 - 2
Bypakke Ålesund - Portefølje			4 777	4 777			-235,4	235,4	163,3	142,8	-92,7
1	E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt		354	354	01.06.2023	01.12.2024	3,0	-3,0	7,0	2,1	5,1
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt		99	99	15.06.2023	01.12.2024	-7,5	7,5	7,5	3,1	-4,4
